

HEI LIV

Du lovde oss så mangt
då du bad oss hit
Vi såg det etterkvart
fekk det aldri svart på kvitt
Du mala oss med lys og lyd
og song ein kjærleikssong
Du lovde oss glede
og urett gong på gong
Men du sa aldri
at eg kunne stole på deg
og du lovde aldri
eg aldri skulde kjede meg

Du fyller oss med trass
fyller oss med tvil
Vi lever våre liv
Gjerne med ein snev av stil
og trøstar oss med trua på
at alt kan ha ein pris
Vi lagar oss draumar
om liv i paradís
Men du sa aldri
at eg kunne stole på deg
og du lovde aldri
eg aldri skulde kjede meg

Du var her då eg kom
Du er her når eg går
Du er blanke dagar
vi knapt forstår
Du er dag og natt
Og du er no
Du er dag og natt
Og du er no

Vi reiser mange år
Reiser knapt ein dag
Er du ein våpenbror
eller berre tapte slag?
Vi reiser gjennom tid og rom
og blir til alt vi veit
Vi blir til ein sjanse
og ei umuligheit
Og du sa aldri
at eg kunne stole på deg
og du lovde aldri
eg aldri skulde kjede meg

og97